




Anna Olava

Votter

Diagram venstre vott:



Størrelse:	Dame
Garneksempel:	1 tråd HS Peruvian og 1 tråd HS Silk Mohair
Garnmengde:	Ca. 20 g HS Silk Mohair og 70 g HS Peruvian
Pinne:	4 og 4,5 mm
Strikkefasthet:	17/10

Oppskrift:

Legg opp med 1 tråd peruvian og 1 tråd silk mohair 30 m på pinne 4 med italiensk opplegg.

Strikk vrangbord 1 rett, 1 vrang i 12 cm. Om liker det best kan du strikke 1 VRIDD rett og en vrang,

Skift til pinne 4,5 og strikk 1 omg rett der du aukar 5 m jamnt fordelt.

Strikk mønster etter diagram. Auk til tommelkile som vist på diagrammet.

Tommelkile:

No skal du sette ein MM (maskemarkør) på kvar side av den første masken på omg. Desse skal verte tommel.

På kvar 3. omg skal du auke 1 m mot høgre før masken og 1 m mot venstre etter masken heilt til du har 11 m mellom MM. Alle dei nye m skal strikkast rett. Sjå diagram.

Når du er ferdig å auke til tommelkile, setter du tommelmaskane på ein maskewire. Legg opp 1 ny m der kilen var og fortsett å strikke rundt i i følge diagrammet.

Tommel:

Sett maskane frå maskewiren over på pinner og plukk opp 1 m i dei m du la opp, samt 1 m på kvar side av disse. Disse to ekstra m strikker du saman med 1 m frå tommelen for at det ikkje skal verte hol. = 12 m til tommel.

Strikk 12 omg rett. Strikk 1 omg. 2 rett saman. Drag tråden gjennom maskane, snurp saman og fest tråden.


Husk å strikke ein høgre og ein venstre vott 😊



Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk og #annaolavavotter om du vil. Lykke til!

Elisabeth

Diagram høgre vott:



- = Rett
- ▤ = LLS, Løft, Løft, Strikk dei 2 vridd rett saman
- ▥ = 2 rett saman
- = Kast
- = Vrang
- MR = Auk 1 mot høgre
- ML = Auk 1 mot venstre
- △ = Løft 1 m av, 2 rett saman, løft den første m over dei 2
- ▧/▨ = Falsk flette: Løft 3. maske over dei 2 første medan dei står på venstre pinne, 1 rett, kast, 1 rett
- = Ingen maske

www.hettestrikk.no